

Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

2024:3

Tidspunkt: Fredag 24. mai kl. 19.00

Stad: Teams

Til stades: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Kristin Gulbrandsen, Arne Erik Fønhus og Odd Arne Klemmetsrud. Fråfall: Jørand Ødegård Lunde. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten.

Sak 7/2024: Orienteringar

1. Rehabilitering Velkomstbygget

Hausten 2023 fekk Energi Pluss oppdraget med å levere og montere solcelleanlegg på Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum. 3. mai i år vart det bestemt å gje byggeoppdraget til Rogne Bygg. Det var berre to tilbydarar til byggetiltaket. Prosessen med å få på plass samarbeidspartar har vore lang. Ein kansellering av byggutlysinga i februar og ny utlysing i mars forsinka prosessen.

Takst Innlandet, som er rådgjevar for Valdresmusea, har gjennomført prosessen med gjennomgang av alle tilbod og forslag til tildeling av oppdrag. Prosessen har vore open og transparent, og alle møte er protokollert. Styreleiar Jan Arild Berg og direktør Ole Aastad Bråten har deltatt på vegne av museet, og bidrege i vurderingane av tilboda saman med Takst Innlandet.

Kontrakt med Rogne Bygg blir signert 23. mai. Kontrakt med Energi Pluss skjer òg med det fyrste. Kontraktssummen for bygg er kr. 3 950 000 eks. mva. Kontraktssummen for sol er kr. 702 500 eks. mva, til saman kr. 4 652 500 eks. mva, som er under dei budsjetterte kostnadane på kr. 5 846 739.

1. juni er det oppstart med fjerning av torv og konstruksjon av nytt tak. Rundt 1. september blir det oppstart for tiltak mot geila (skifte kledning) samt alle innvendige tiltaka (lukke utstillingsrommet på mesaninen). Ein detaljert framdriftsplan vil vere klar om ikkje altfor lenge.

2. Kafédrift

Valdresmusea inngår avtale med Cato Tuvmarken, Harald Åge Tuvmarken og Dagrunn Hålien om drift av museumskafeen på Valdres Folkemuseum. Kafeen har vore stengt sidan medio mars, men no er nye drivarar snart på plass att. Den nye kafeen får namnet Fjordkafeen og den startar opp medio juni.

Dei nye drivarane har sidan 2019 drive Valdres Gjestegard på gamle fengselet i Aurdal. Cato har fartstid som kokk og kjøkensjef. I kafeen på museet vil han servere tradisjonelle norske matrettar. Det fell i god jord hjå oss på museet som òg er opptekne av det lokale og tradisjonelle.

Valdresmusea har fått bistand frå Valdres Næringshage til gjennomføringa av ein brukarundersøking. Dei tilsette har vore sterkt involvert i prosessen, og vil bidra framover med vask og klargjering av lokale, samt synleggjering av tilbodet på heimesida, sosiale media, og med nye skilt og flyers.

Administrasjonen forslår følgjande vilkår for ny kafedrivar: 3 % av all omsetting, samt ei månadleg fast leige på kr. 15 000 til felleskostnadene. Ein avtale blir utarbeidd av Advokatene Sveen AS.

3. Flaumsikring

Administrasjonen har signert avtale med Skred AS om utarbeiding av ei analyse for flaumsituasjonen for Valdres Folkemuseum, samt forslag til tiltak. Skred AS var på befaring onsdag 8. mai. Ein rapport vil bli presentert i løpet av eit par månadars tid. Oppdraget har ein kostnad på kr. 81 550 eks. mva.

4. Prosjekt

Prosjektinntekter utgjer ein stor og viktig del av økonomien til Valdresmusea. Dessutan er det prosjekta som meir enn mangt anna markerer og definerer museet sin faglege profil og aktivitet. Prosjekta er viktige for museets omdøme og dei bidreg til å løfte området som det elles er vanskeleg å finne ressursar til. Per tid står det om lag 12 millionar kroner i ein ubrukt prosjektreserve.

Reserven er knytt opp til fleire store prosjekta, mellom anna ENØK-tiltaket. Andre større prosjekt er «Eit skigardsdele» og «Kloke hender – handverksløftet». Fleire av dei nemnte prosjekta vil bli ferdigstilt i år, men også andre prosjekt som omlegging av taket på Stabellbygningen på Bagn Bygdesamling, ungdomssatsinga «Ung i debatten», antikvariske tiltak på stølsområdet på Valdres Folkemuseum (øyremerka tilskott frå KUD), vindskjerming i amfiet og ei bok om Valdres i jernalder, vikingtid og mellomalder.

I takt med ferdigstilling av dei nemnte prosjekta er vi avhengig av å sjå oss etter nye prosjektmidlar. I februar vart dei treårige utviklingsmidlane i Kulturdirektoratet lyst ut. Det er eit mål å få plass ein søknad innfor denne ordninga. Ein søknad med støtte frå direktoratet vil følgje opp «Eit skigardsdele».

Vedtak:

Styret tek orienteringane til etterretning.

Til orientering om flaum: Styret ber administrasjonen utarbeide ein henvendelse til kommunane for å synleggjere behovet for kommunal og statleg medfinansiering til flaumtiltak, samt viktigheita av at det blir teke eit heilheitleg kommunalt beredskapsansvar.